

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Hornindal kontrollutval

Tillegg til saklista ligg til slutt i dokumentet

Møteinnkalling

Møtedato: 07.10.2014
Møtestad: Hornindal kommunehus, kommunestyresalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, forvaltningsrevisor i sak 21 og 22.

[Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: ah@sekom.no](mailto:ah@sekom.no)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
019/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/14	Skriv og meldingar 30.9.14
021/14	Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014
022/14	Forvaltningsrevisjon: System for vedlikehald av bygningar - rapport
023/14	Oppfølgingsliste 4 - 2014
024/14	Eventuelt

Med helsing

Ola Are Ytrehorn
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saksnr 019/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1444	Arkivsaknr.: 14/162
---	-------------------------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saksnr 020/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033, Komnr-1444	Arkivsaknr.: 14/172
---	-------------------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 30.9.14

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saksnr 021/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1444	Arkivsaknr.: 14/128
---	-------------------------------------	-------------------------------

Forvaltningsrevisjon: Val av nytt prosjekt 2014

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.09.2014	003.13 - Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Saksutgreiing og avgjerdsmynde - avklaring	380

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Kontrollutvalet tingar følgjande forvaltningsrevisjon hjå Kommunerevisjonen i Nordfjord:
 - Tilpassa opplæring i grunnskulen – spesialundervisning enkeltvedtak.
2. Problemstilling i prosjektet:
 - På kva måte sikrar Hornindal kommune at elevar får tilpassa opplæring / spesialundervisning?
 - Vert lover, forskrifter, reglement og rutinar følgde?
 - Vert sakene handsama innanfor aktuelle tidsfristar?
3. Kommunerevisjonen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å gi tilbakemelding på tinginga og legge fram prosjektplan.
4. Revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet.

...

Saksutgreiing:

Generelt:

Førre prosjekt er levert og blir handsama på dette møtet. Det er difor naturleg å velje nytt prosjekt samstundes. Prioritering i plan for forvaltningsrevisjon:

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Hornindal kommune for perioden 2012-2016.

- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Saksutgreiing og avgjersmynde i Hornindal kommune.
 2. Tilpassa opplæring i grunnskulen-spesialundervisning enkeltvedtak.
 3. Drift og vedlikehald av kommunale bygningar.
 4. Samhandlingsreforma-erfaringar.

- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

13.12.2012 KOMMUNESTYRET

KS-109/12 VEDTAK:

Samr.:Rådmannen sitt framlegg til vedtak vert vedteke.

Neste prosjekt etter vedteken plan: «Saksutgreiing og avgjerdsmynde i Hornindal kommune». Dette prosjektet var tinga tidlegare men avbrote den 30.1.13. KU-sak 003/13 er lagt ved. Sekretariatet forstår vedtaket slik at det mest truleg ikkje er aktuelt å tinge dette prosjektet no heller. Vi rår difor til at dei neste prosjekta på lista vert vurdert.

Kontrollutvalet kan legge til nytt prosjekt eller endre prioritering. Vår tilråding bygger såleis på at utvalet vel prosjekt ut frå prioritet i planen.

Felles prosjekt i tillegg (?)

I tillegg til prosjektet som sekretariatet tilrår, kan det ligge til rette for eit felles prosjekt om Samhandlingsreforma. Dette er med på plan for forvaltningsrevisjon for 5 kommunar. Sidan dette i så fall gjeld fleire kommunar med same problemstilling, tenker revisjonen seg ein felles rapport. Vi kjem tilbake til dette når meir er avklart kring dette prosjektet.

Prosjekt:

SEKOM-sekretariat legg opp til at denne saka kan gi nok avgrensingar til at det kan vere ei tinging til Kommunerevisjonen i Nordfjord. I så fall, kan dei lage prosjektplan som kan handsamast på neste møte.

Ut frå prioriteringa i plan for forvaltningsrevisjon er det følgjande prosjekt som står for tur:

- Tilpassa opplæring i grunnskulen – spesialundervisning enkeltvedtak.

Nokre klipp frå Overordna analyse:

8.1 Oppvekst

8.1.1 Einingar, regelverk, økonomi

Einingar og oppgåver:

- Barnehagar
- Skular
- Kulturskule

Sentral rettsleg regulering

- * Barnehagelova
- * Opplæringslova

8.1.2 Spørjeundersøking

Skule og barnehage oppnådde same score hos respondentane (60%)⁹⁾. Fokuserområda *tilpassa opplæring*⁹⁾ vart foretrukne av 60%, medan 50% ønskte at ein revisjon burde fokusere på *det psykososiale miljøet*¹⁰⁾.

8.1.3 KOSTRA

Barnehage¹¹⁾

Netto driftsutgifter til barnehagesektoren per innbyggjar i målgruppa (1-5 år) har vore låg. For 2011 gjekk imidlertid dette forholdstalet opp frå opp frå 2,4% til 10,2%. Dette er høgare enn for kommunegruppa, men noko lågare enn for fylket og landet for øvrig.

Kommunen hadde ei barnehagedekning på ca 91% i 2011. Einingskostnad per barn i barnehage er noko lågare enn snittet i kommunegruppa, fylket og landet for øvrig.

Grunnskule¹²⁾

Hornindal kommune bruker om lag 25% av sine netto driftsutgifter til skule, noko som tilsvarer det gjennomsnittlege forbruket for kommunegruppa.

Andel av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning ligg svært lågt i forhold til snittala for kommunegruppa, fylket og landsgjennomsnittet.

Risiko:

- * Auka forventningar om individuelt tilpassa tenester.
- * Auke i andel av barn med vanskar i heimen og atferdsproblematikk.

Truar følgjande mål:

- * Gi tilpassa opplæring til alle barn i samsvar med opplæringslova.
- * Regeletterleving - Barnevernlova § 4-2 om meldingar til barnevernet.

8.1.4 Vurdering

Resultata frå spørreundersøkinga viser at det er eit fleirtal som ønsker ein forvaltningsrevisjon innanfor grunnskule og/eller barnehagesektoren med *tilpassa opplæring i grunnskulen* eller *psykososialt miljø* som moglege fokusområde.

Aktuell problemstilling med nokre underpunkt dersom ein vel «Tilpassa opplæring :

- På kva måte sikrar Hornindal kommune at elevar får tilpassa opplæring / spesialundervisning?
 - Vert lover, forskrifter, reglement og rutinar følgde?
 - Vert sakene handsama innanfor aktuelle tidsfristar?

Sekretariatet rår til at revisor får fullmakt til å gjere avgrensingar og tilpassingar i prosjektet. Dette for å sikre smidig gjennomføring.

003/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - «SAKSUTGREIING OG AVGJERDSMYNDE» – AVKLARING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 22.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	30.01.2013	003/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg:

- E-post frå Kommunerevisjonen i Nordfjord til SEKOM-sekretariat- «Spørsmål til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt Hornindal», datert 16. november.
- Kommunestyrevedtak 109/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 Hornindal kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Plan for forvaltningsrevisjon for Hornindal kommune 2012 – 2016.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001
- Kontrollutvalssak 021/12, 028/12, 29/12 og 34/12..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Saka vert lagt fram utan tilråding.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

- Kontrollutvalet avbryt arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Saksutgreiing og avgjerdsmynde og vel i staden prosjektet ”System for vedlikehald av bygningar”.
- Sekretariatet utformar tingingsdokument til neste møte i kontrollutvalet.

Saksutgreiing

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - «SAKSUTGREIING OG AVGJERDSMYNDE» – AVKLARING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Avklaringar rundt forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Saksutgreiing og avgjerdsmynde.”

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 06.09.2012 i sak 021/12 Forvaltningsrevisjon gjorde kontrollutvalet vedtak som innebar at forvaltningsrevisjonsprosjekt inn mot saksutgreiing skal vere først prioritert i planen, og at det skulle utformast tinging for eit slikt prosjekt til neste møte i kontrollutvalet.

Overordna analyse, som er grunnlag for prioritering i Plan for forvaltningsrevisjon, vart også presentert i møte 06.09.2012. I denne har revisor peika på forvaltningsrevisjon inn mot saksutgreiing som eit aktuelt prosjekt.

SEKOM-sekretariat utarbeidde eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet vart diskutert med Kommunerevisjonen i Nordfjord.

I kontrollutvalssak 029/12 «forvaltningsrevisjonsprosjekt Saksutgreiing og avgjerdsmynde – Tinging», den 01.10.2012 vart det gjort følgjande vedtak i kontrollutvalet.

- 1. Tinginga for prosjektet ”Saksutgreiing og avgjerdsmynde” vert godkjent.*
- 2. Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.*

Tinging vart sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering den 04.10.2012.

I e-post frå Kommunerevisjonen i Nordfjord til SEKOM-sekretariat «Spørsmål til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Hornindal» den 16. november 2012, blir det bedt om avklaringar i samband med prosjektet.

Det vert vist til vedlagt e-post frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.

I kontrollutvalsmøte 27.11.12 i sak 34/12 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:
- Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Saksutgreiing og avgjerdsmynde” vert utsett i påvente av handsaming av plan for forvaltningsrevisjon i kommunestyret.

Det er no gjort vedtak i kommunestyret, og kontrollutvalet bør såleis kunne gjere vedtak i saka om dei avklaringane Kommunerevisjonen har bede om.

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saksnr 022/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1444	Arkivsaknr.: 14/82
---	-------------------------------------	------------------------------

Forvaltningsrevisjon: System for vedlikehold av bygningar - rapport

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.07.2014	Hornindal -Vedlikehold av kommunal eidedomsmasse - 01_07_2014	82

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

1. Rapporten om System for vedlikehold av bygningar i Hornindal kommune vert teken til orientering.
2. Kommunestyret ber rådmannen følgje opp anbefalingane på side 5 i rapporten, og legge fram ein status for dette til kontrollutvalet innan utgangen av 1. halvår 2015.

...

Saksutgreiing:

Forvaltningsrevisor blir til stades i møtet og orienterer om rapporten.

Vi syner til rapporten som er lagt ved. På side 5 i rapporten oppsummerer revisor sine anbefalingar. I boksen nedanfor er desse limt inn:

Anbefalingar

- Det bør definerast og vedtakast eit målbart ambisjonsnivå for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Tilstandsgrad kan til dømes vurderast brukt som ein målvariabel.
- Nivået på den årlege vedlikehaldskostnaden bør fastsetjast ut frå ei vurdering av kva ambisjonsnivå som er akseptabelt for kommunen når det gjeld tilstanden på bygningane.
- Kommunen bør vurdere å utarbeide politisk forankra mål og strategi for realkapitalforvaltning.
- Kommunen bør vurdere om den kan ha nytte av eit databasert FDV-system.
- Kommunen bør vurdere grunngjevinga for, og om det er formålstenleg, at einskilde bygg fortsatt vert halde utanfor FDV-avdelinga sitt ansvarsområde.
- For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit øymerka vedlikehaldsfond.

På side 18 og 19 i rapporten er rådmannen sin høyringsuttale til den førebelse rapporten. Rådmannen skriv at ho i all hovudsak er samd i anbefalingane og peikar på ein del vurderingar knytt til desse.

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet tilrår kommunestyret å ta rapporten til orientering. Vidare rår vi til eit punkt 2 om tilbakemelding til kontrollutvalet på oppfølginga av anbefalingane i rapporten.



**Kommunerevisjonen
i Nordfjord**

Rapport forvaltningsrevisjon

**System for vedlikehold av bygningar
i Hornindal kommune**

*Rapport nr.
2.3-01-023*

2014



Forord

Denne rapporten er tinga av kontrollutvalet i sak 003/13 som del av «Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016», vedteken av kommunestyret i Hornindal i sak 109/12.

Vi ønsker å takke dei tilsette i administrasjonen som har bidrege med informasjon i samband med prosjektgjennomføringa.

Prosjektet er gjennomført av forvaltningsrevisor Gunnar Ryste.

Kommunerevisjonen legg med dette fram sin rapport.

Den 1. juli 2014

Markvard Sunde
Revisjonssjef

Gunnar Ryste
Revisjonskonsulent

Han skal tekke husene vel og holde dem dråpeslause, og vedlikeholde torvtak, vindskier og rafter slik at det ikkje kommer fuktighet på veggene. Om husene blir vedlikeholdt slik, kan leilendingen ikke gjøres ansvarlig for at hus eldes. Men lar han et hus råtne ned av vanrøkt, må han bygge et nytt i stedet.

Sitat frå Magnus Lagabøters landslov frå 1276.

Innhald

Forord.....	2
Samandrag.....	4
1 Bakgrunn for prosjektet.....	6
2 Problemstillingar.....	6
3 Metode.....	6
4 Revisjonskriterium.....	6
5. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehold av kommunale bygningar?.....	8
5.1 Det bør ligge føre politisk vedtekne mål for vedlikeholdet av kommunale bygningar.....	9
6 I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehold av kommunale bygningar?.....	10
6.1 Det bør ligge føre tilstandsvurdering av dei kommunale bygningane.....	10
6.2 Det bør ligge føre vedlikeholdsplanar som byggjer på tilstands-vurderingane.....	11
6.3 Prioriterte brukarbehov bør tilfredsstillast.....	12
6.4 Det bør vere klar ansvars- og rolledeling.....	12
7 På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygningar til politisk nivå?.....	14
7.1 Det bør rapporterast jamleg til kommunestyret om tilstand og vedlikehold av kommunale bygningar.....	14
8 Er dei økonomiske rammeføresetnadane tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikeholdet?.....	15
8.1 Kommunens ressursbruk til bygningsvedlikehold bør over tid tilfredsstillast for verdibevarande vedlikehold.....	15
9 Høyringsuttale frå administrasjonssjefen.....	18
10 Kommunerevisjonens kommentar til høyringsuttalen.....	20
Referansar.....	21
Vedlegg.....	22

Samandrag

Mål og strategiar

Hornindal har ikkje fastsett mål og strategi for forvaltning og vedlikehald av kommunalt eigde bygningar. Det er ikkje noko krav om å utarbeide slike mål og strategiar for eigedomsforvaltninga, men det er neppe unaturleg å gjere det for ein organisasjon med bygningsmasse til høg verdi. Det er viktig at slike mål og strategiar er politisk vedtekne, då det er kommunestyret som er formell eigar av eigedomsmassen.

System for planlegging og styring

FDV-avdelinga har etter våre vurderingar gode nok system for identifisering av vedlikehaldsbehovet på bygningsmassen. FDV-avdelinga disponerer likevel ikkje dataverktøy som kan bidra til meir effektiv arbeidsflyt og strukturert informasjon om bygningsmassens tilstand og vedlikehaldsbehov.

På grunn av kommunestorleik og ei lita, oversiktleg eigedomsmasse vurderer vi det det likevel slik at forholda ligg til rette for å kunne ha eit godt prioriterings- og budsjetteringsgrunnlag.

Noko av intensjonen bak etableringa av FDV-avdelinga i 2006 var å samle ansvaret for drift og vedlikehald av dei kommunale bygningane i ei felles avdeling. Framleis ligg bygningsmasse til ein verdi av 20 million kroner utanfor FDV-avdelinga sitt ansvarsområde.

Bak opprettinga av FDV-avdelinga låg det også eit ønske om å få utarbeidd vedlikehaldsplanar. Slike planar ligg enno ikkje føre, men er for tida under utarbeiding.

Rolle- og ansvarstilhøva er definert og regulert gjennom brukaravtaler.

Rapportering

Det er viktig at tilstrekkeleg relevant informasjon blir gitt til kommunestyret, slik at det øvste kommunale styringsorganet kan gjere sine vedtak på eit tilstrekkeleg opplyst faktagrunnlag. Rapporteringa til politisk nivå av styringsinformasjon som vedkjem eigedomsforvaltninga skjer vanlegvis i samband med budsjettprosessen og gjennom årsrapporteringa.

I tillegg til dette har kommunestyret i 2012 fått rapportering om tilstanden til dei kommunale bygga frå ei nemnd som kommunestyret sjølv oppnemnde i 2011.

Økonomiske rammeføresetnader

Vi har sett nærmare på kommunens vedlikehaldsutgifter per kvadratmeter i forhold til normtal for verdibevarande vedlikehald som er mykje brukt innanfor fagområdet. Dei normmodellane vi har sett på er stort sett samde om at det bør budsjetterast med om lag 100 kroner per kvadratmeter per år for å halde bygningsverdien ved like sett i eit livsløpsperspektiv. For perioden 2008 til 2013 hadde Hornindal kommune eit gjennomsnitt på 37 kroner per kvadratmeter. I denne perioden varierte dette talet frå 19 kroner til 85 kroner. Den høgste ressursbruken hadde kommunen i 2009, då dei norske kommunane mottok ekstraordinære vedlikehaldsmidlar frå staten i samband med den internasjonale finanskrisa. Hornindal fekk 809 000 kroner, der omlag ½ million kroner gjekk til vedlikehald av dei kommunale bygga.

Anbefalingar

- Det bør definerast og vedtakast eit målbart ambisjonsnivå for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Tilstandsgrad kan til dømes vurderast brukt som ein målvariabel.
- Nivået på den årlege vedlikehaldskostnaden bør fastsetjast ut frå ei vurdering av kva ambisjonsnivå som er akseptabelt for kommunen når det gjeld tilstanden på bygningane.
- Kommunen bør vurdere å utarbeide politisk forankra mål og strategi for realkapitalforvaltning.
- Kommunen bør vurdere om den kan ha nytte av eit databasert FDV-system.
- Kommunen bør vurdere grunngjevinga for, og om det er formålstenleg, at einskilde bygg fortsatt vert halde utanfor FDV-avdelinga sitt ansvarsområde.
- For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehøvet, kan kommunen vurdere å innføre eit øyremerka vedlikehaldsfond.

1 Bakgrunn for prosjektet

Den 13. desember 2012 vedtok kommunestyret i Hornindal «Plan for forvaltningsrevisjon» for inneverande valperiode, jf. Sak 109/12. Kontrollutvalet gjorde i sak 003/13 vedtak om å endre rekkefølga på prosjekta i denne planen. I samsvar med dette vedtaket tinga kontrollutvalet prosjektet «System for vedlikehold av kommunale bygningar i Hornindal kommune» i sak 015/13.

2 Problemstillingar

Følgjande problemstillingar er søkt svara på i rapporten:

1. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehold av kommunale bygningar?
2. I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehold av kommunale bygningar?
3. På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygningar til politisk nivå?
4. Er dei økonomiske rammeføresetnadene tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehold?

Avgrensing

Prosjektet er avgrensa til systemnivå. Det blir sett fokus på kommunens *styringssystem* for vedlikehold av kommunale bygg og dei økonomiske rammeføresetnadene. Det ligg såleis utanfor mandatet å vurdere teknisk bygningstilstand og eventuelt oppgraderingsbehov av bygningsmassen.

3 Metode

Revisjonsstandard «RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon» er lagt til grunn i arbeidet med prosjektet.

Vi hadde eit møte med økonomisjef og FDV-leiar 21.03.2014, og har etter dette gjennomført dokument- og rekneskapsanalyse.

For å svare på problemstilling 4 om dei økonomiske rammeføresetnadene for vedlikehold av dei kommunale bygga, har vi nytta KOSTRA-tal for å illustrere korleis kommunen har prioritert ressursar til ordinært vedlikehold dei seks siste åra. KOSTRA-tal for føremålsbygg blir samanlikna med normalt for godt, verdibevarande vedlikehold.

Førebels rapport blei sendt til administrasjonen for uttale 13.06.2014. Høyringsuttale datert xx.xx.2014 ligg ved denne rapporten under kapittelet «Høyring» (side 18).

4 Revisjonskriterium

For å kunne svare på problemstillingane må kommunen sin praksis målast opp mot kjende kriterium for kva som reknast som god praksis. Det ligg ikkje føre absolutte krav til system for planlegging og styring, då desse blir tilpassa spesifikke tilhøve og behov i den einkilde kommune. Våre vurderingar har derfor teke utgangspunkt i dei kvalifiserte tilrådingane som går fram av NOU 2004:22 («Velholdte bygninger gir mer til alle - Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren»).

Utvalet som står bak den nemnde offentlege utgreiinga blei oppnemnd i statsråd i november 2003 og fekk mellom anna i oppgåve å «stille opp kriterier for god eiendomsforvaltning»¹. Bakgrunnen for oppnemninga var fleire uavhengige rapportar og medieoppslag som dokumenterte eit synleg forfall av offentlege bygg. Tilstanden til dei offentlege bygga kom i fokus, og behovet for betre planlegging og styring av vedlikehaldet gjorde det naudsynt å definere innhaldet i omgrepet «god eigedomsforvaltning».

Utvalet definerte omgrepet slik:

«God eiendomsforvaltning er å gi brukerne gode og effektive bygg til lavest mulig kostnad. Dette innebærer å skape best mulige rammevilkår for brukernes virksomhet over tid.»

For å oppnå dette, meinte utvalet at følgjande element bør vere på plass:

- «1. Det foreligger overordnede politisk bestemte mål for eiendomsforvaltningen
 2. Det foreligger et rasjonelt system for planlegging og styring av eiendomsforvaltningen
- Generelle delkriterier:*
- 2.1 Tilfredsstillende prioriterte brukerbehov
 - 2.2 Effektiv arealutnyttelse
 - 2.3 Godt, verdibevarende vedlikehold
 - 2.4 Kostnadseffektiv eiendomsforvaltning
 - 2.5 Målrettet utvikling av eiendommens kvaliteter
 - 2.6 En hensiktsmessig organisering av eiendomsforvaltningen
 - 2.7 Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter
3. Lovpålagte krav overfor eier og bruker blir ivaretatt.»

Nokre av dei ovanfor nemnde kriteria byggjer på underliggende føresetnader som kan stillast opp som eigne kriterium:

- a. Tilstandsvurdering
For at det skal vere mogleg å vurdere dei kommunale eigedomane i forhold til dei krav som vert stilt, må eigedomsforvaltninga i kommunen «*systematisk frembringe informasjon om tilstanden i forhold til de mål og krav som er stilt*»².
- b. Vedlikehaldsplan
Eit «rasjonelt system for planlegging og styring» krev utarbeiding av planar.
«Drifts- og vedlikeholdsplaner for eiendomsmassen må fastlegges på taktisk nivå, men utførelsen av driftsoppgavene og vedlikeholdet er en sentral del av eiendomsforvaltningen på operativt nivå»³
- c. Rapportering til kommunestyret
Eit «rasjonelt system for planlegging og styring» krev utarbeiding av planar.
Dersom kommunestyret skal kunne utøve sitt ansvar som formell eigar av kommunal eigedom, må administrasjonen jamleg rapportere tilstrekkeleg og relevant styringsinformasjon.

Vurderingane i denne rapporten byggjer på dei kriterium for god eigedomsforvaltning som det regjeringsoppnemnde utvalet har anbefalt, samt dei underliggende føresetnadane a – c.

Vi gjer merksam på at dei nemnde kriteria berre representerer normer for det utvalet oppfattar som god praksis (normativ praksis), og er såleis ikkje rettsleg bindande.

¹ Velholdte bygninger gir mer til alle, NOU 2004:22.

² NOU 2004:22, pkt. 3.3.2, side 34.

³ NOU 2004:22, pkt. 3.2.2, side 33.

Vi har valt å definere slike *kriterium fordelt på dei fire problemstillingane*:

- I. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehald av kommunale bygningar?
Det bør ligge føre **politisk vedtekne mål** for vedlikehaldet av kommunale bygg i Hornindal kommune (jf. pkt. 1)
- II. I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehald av kommunale bygningar?
Det bør ligge føre **tilstandsvurdering** av dei kommunale bygga (jf. bokstav a)
Det bør ligge føre **vedlikehaldsplanar** som byggjer på tilstandsvurderingane (jf. bokstav b)
Prioriterte **brukarbehov** bør tilfredsstillast (jf. pkt. 2.1)
Det bør vere ei klar **ansvars- og rollefordeling** (jf. pkt. 2.6)
- III. På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikehaldet av kommunale bygningar til politisk nivå?
Det bør **rapporterast** jamleg og i tilfredsstillande omfang til eigarorgan om måloppnåing, tilstand og utvikling for kommunale bygg (jf. 2.6)
- IV. Er dei økonomiske rammeføresetnadene tilpassa det langsiktige behovet for bygnings-vedlikehald?
Kommunens **økonomiske ressursbruk** til bygningsvedlikehald bør over tid tilfredsstillast normal for verdibevarande vedlikehald (jf. pkt. 2.7)

5. I kva grad ligg det føre politisk bestemte mål for vedlikehald av kommunale bygningar?

Hornindal er ein liten kommune med om lag 1 220 innbyggjarar. Den kommunale bygningsmassen utgjer ca. 10 000 m² til ein forsikringsverdi på nær ¼ milliard kroner.

Vedlikehald er ein del av den totale eigedomsforvaltninga, der omgrepet «eigedomsforvaltning» femner følgjande hovudaktivitetar: *forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling* (FDVU)⁴.

Forvaltning

Forvaltning omfattar alle oppgåver knytt til leing og administrasjon av ein eigedom. Dette gjeld budsjett og rekneskap, planarbeid, personalleing, ansvar for helse, miljø og tryggleik (HMT) og andre forhold som er regulert gjennom lov og forskrift. Det femner også om kostnader som ikkje er avhengige av byggets bruk, som utgifter til forsikring, skattar og faste avgifter.

Drift

Drift omfattar alle oppgåver og rutinar som er nødvendige for at bygningen skal fungere best mogleg funksjonelt, teknisk og økonomisk. Dette omfattar generell drift og ettersyn av bygningsdelar og installasjonar, styring av energibruk og inneklima, reinhald, avfallshandtering, vakt og sikring; kort sagt dei tenestane og rutinane som må utførast til dagleg for å tilfredsstillast brukarane sine behov.

⁴ «Livssyklus-kostnader for bygninger», 2007, Svein Bjørberg, Anders Larsen, Håkon Øyseth og heimesida til Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA), <http://www.ka.no/arbeidsliv/kirkebygg/drift-og-vedlikehold/fdvu>.

Vedlikehald

Vedlikehald er oppgåver som er nødvendige for å oppretthalde eit fastsett kvalitetsnivå for bygningen og dei tekniske installasjonane og dermed sikre at bygningen som heilhet fungerer etter hensikta. I praksis vil dette innebere ein gradvis kvalitetsheving ved at eldre bygningsdeler og komponentar (til dømes varmeomnar og vindauge) vert skifta ut med nye av høgare kvalitet. Slik utskifting opp til dagens standard blir definert som verdibevarande vedlikehald.

Det er vanleg å skilje mellom førebyggjande og løpande vedlikehald. Førebyggjande (verdibevarande) vedlikehald er arbeid som blir utført for å hindre forfall som følgje av jamn og normal slitasje. Dette er planlagde, periodiske vedlikehaldstiltak som har ein preventiv effekt mot seinare reparasjonar og skader. Løpande (tilfeldig) vedlikehald omfattar arbeid som ikkje er planlagt, men som må utførast for å rette opp uføresette (akutte) skader eller manglar, til dømes på grunn av uvær, hærverk, brot på kablar osv.

Utvikling

Utvikling omfattar arbeid som fører til oppgradering eller utvikling av eit bygg, dvs. at bygningen aukar sin verdi gjennom tilpassing til nye krav frå brukarar og myndigheiter. Dette bidreg til å forlengje bygningens tekniske, funksjonelle og økonomiske levetid.

5.1 Det bør ligge føre politisk vedtekne mål for vedlikehaldet av kommunale bygningar

Data

Hornindal kommune har ikkje formulert mål og strategiar for forvaltninga av kommunal eigedomsmasse i kommuneplanen eller andre strategiske styringsdokument.

Vurdering

Kommuneplanens samfunnsdel er kommunens overordna styringsdokument for kommunen si utvikling, og her finn vi status, utfordringar, mål og strategiar for dei komande 12 åra. Ved at kommunen set seg strategiske mål for den kommunale eigedomsmassen, vil eigedomsforvaltninga i sterkare grad bli vurdert som ein strategisk innsatsfaktor i arbeidet for å nå kommunens mål for tenesteproduksjonen.

Sjølv om kommunen ikkje har uttrykt mål for eigedomsforvaltninga i den overordna styringsdokumentasjonen, betyr ikkje dette at kommunen har manglande fokus på eigedomsforvaltninga. Kommunen oppretta felles FDV-avdeling⁵ i 2006. Målsettinga med denne organisatoriske endringa var å «få ei meir effektiv drift og vedlikehald av dei kommunale bygga»⁶. Avdelinga har per i dag fem vaktmeistrar og seks reinhaldarar i forskjellige stillingsprosentar. I 2014 oppnemnde kommunestyret ei arbeidsgruppe som for tida evaluerer FDV-avdelinga⁷. Arbeidsgruppa har representantar frå kommunestyret, brukarane av avdelinga, utviklingsetaten og tillitsvald. Evalueringsrapport ligg enno ikkje føre.

I 2011 vart det vidare oppretta ei nemnd som fekk i oppgåve å «avklare vidare drift/sanering av kommunale bygg»⁸. Nemnda sitt arbeid har ført til at fleire kommunale bygg no er vedteke å rive og/eller avhende.

Kommunen har såleis gjort fleire viktige grep i arbeidet med å forvalte eigedomsverdiane. Likevel har ikkje kommunen etablert ei politisk forankra målsetting som seier noko om kva teknisk/operasjonelt nivå bygningsmassen skal ha. Det kan derfor vere behov for å vedta målbare kriterium for vedlikehaldet som administrasjonen skal planlegge og arbeide etter. Vi meiner at ei slik konkretisering vil skape felles forståing for kva som kan forventast av vedlikehald, noko som igjen vil kunne virke som ei forpliktande rettesnor for alle aktørane (eigar, forvaltar og brukar).

⁵ FDV står for Forvaltning, Drift og Vedlikehald

⁶ KS-sak 012/06

⁷ KS-sak 012/14

⁸ KS-sak 082/11

Som eit døme kan kommunen definere eit målbart ambisjonsnivå for tilstanden på dei kommunale bygningane ved å bruke tilstandsgrad som målvariabel.

Døme:

- Tilstandsgrad (TG) 0: ingen symptom/meget bra
 Tilstandsgrad (TG) 1: svake system/bra
 Tilstandsgrad (TG) 2: middels kraftige symptom/tvilsom
 Tilstandsgrad (TG) 3: kraftige symptom/uakseptabel

Konklusjon og anbefaling

Hornindal kommune har ikkje etablert politisk vedtekne, overordna mål eller strategiar for eigedomsforvaltninga.

Vi anbefaler at kommunen utviklar overordna, politisk bestemte mål for eigedomsforvaltninga i samsvar med kriterium for god eigedomsforvaltning⁹. Vi anbefaler at kommunen definerer kva som er ei ynskjeleg tilstandsgrad på bygga.

6 I kva grad ligg det føre eit rasjonelt system for planlegging og styring av vedlikehald av kommunale bygningar?

Eit godt vedlikehald av bygningar avheng av

- god oversikt over vedlikehaldsbehovet, og
- gode system for gjennomføring av vedlikehaldet.

Den kommunale organiseringa av ansvars- og rolledeling må vere klart formulert og praktisert for å bidra til effektiv og god ressursbruk. Eigedomsforvaltningsutvalet¹⁰ uttaler at «erfaringer viser til at uklare forhold når det gjelder forvaltnings- og vedlikeholdsoppgaver, i mange tilfeller fører til at oppgaver ikke blir utført, og til konflikter om kven som har ansvaret». Som konsekvens av dette foreslo utvalet å organisere eigedomsforvaltninga etter den rollemodellen som vi har prøvd å skissere i figuren under:

Rolle	Aktør	Funksjon/ansvar
Eigar	Kommunestyret	Eigedomsrett, huseigaransvar, oppdragsgjevar
Forvaltar	FDV-avdeling/administrasjon	Utøve drift, vedlikehald og forvaltningsoppgåver på vegne av eigar
Brukar	Disponerande tenesteeiningar	Disponere bygg i samband med utøving av respektiv tenesteyting

Figur 1: Eigar-, forvaltar- og brukarrolla

Det er forholdet til bygget som definerer den einkilde aktør si rolle.

6.1 Det bør ligge føre tilstandsvurdering av dei kommunale bygningane

Data

Kommunen har per i dag ikkje noko databasert FDV- eller internkontrollsystem til bruk i eigedomsavdelinga sitt arbeid. Kommunen har likevel eit web-basert internkontrollsystem som gir oversikt over bygningane med omsyn til brannvern; Hydradok.

Kommunen gjennomførte i 2012 ei tilstandsvurdering av alle kommunale bygg. Arbeidet vart utført av ei nemnd nedsett av kommunestyret. Nemnda si innstilling førte til at det er vedteke å selje fleire kommunale bygg.

⁹ NOU 2004:22, s. 17.

¹⁰ NOU 2004:22, s. 39

Vurdering

For at kommunestyret skal kunne utøve sitt eigaransvar på ein god måte, må det ligge føre eit administrativt styringssystem som jamleg *identifiserer, vurderer og kommuniserer* tilstanden og vedlikehaldsbehovet til dei kommunale bygga. Som eigedomsforvaltar bør administrasjonen i kommunen på bakgrunn av periodiske *tilstandsvurderingar* utarbeide *vedlikehaldsplanar/tiltaksplanar*.

Hornindal er ein liten kommune, der eigedomsmassen er oversiktleg. Likevel vil ein av fordelane med eit databasert fagsystem være den systematikk dette bidrar til i forbindelse med utøvinga av eigedomsdrifta. Dette gjeld både arbeidsprosess og rapportering.

Det web-baserte internkontrollsystemet gir likevel god oversikt over bygningane med omsyn til brannvern.

Konklusjon og anbefaling

Hornindal kommune har utført ei tilstandsvurdering av alle kommunale bygg i 2012, og har såleis ei god oversikt over bygningmassens tilstand og vedlikehaldsbehov.

Kommunen bør vurdere om den kan ha nytte av eit databasert FDV-system.

6.2 Det bør ligge føre vedlikehaldsplanar som byggjer på tilstandsvurderingane

Data

I KS-sak 012/06 «Oppretting av felles FDV-avdeling i kommunen» går det fram at utarbeiding av vedlikehaldsplanar skulle vere ei prioritert arbeidsoppgåve for avdelinga.

I saka heiter det:

«Ei prioritert oppgåve i kommunen, som vi ikkje har hatt ressursar til, har nettopp vore å få laga vedlikehaldsplanar for kommunale bygg.»

I same sak vert det peika på at kommunen ved opprettinga av FDV-avdelinga

- «får samla ansvaret for drift og vedlikehold av bygg», og
- «får utarbeidd vedlikehaldsplanar som ser alle bygga under eitt, ikkje delt slik dagens situasjon er».

Kommunerevisjonen får opplyst at avdelinga for tida held på å utarbeide vedlikehaldsplan.

Vurdering

Utarbeiding av vedlikehaldsplanar er eitt av kjennemerka på «god eigedomsforvaltning» i følge NOU 2004:22. Slik plan ligg ikkje føre, men er under utarbeiding.

Vi merker oss at kommunen ikkje har overført alle kommunale bygg til FDV-avdelinga¹¹. Uteseksjonen, brannvesenet og veg, vatn og avløp har ansvar for vedlikehold av eigne bygg (som representerer ein forsikringsverdi på 20 million kroner). Dette synest ikkje å vere i tråd med kommunestyret sin intensjon om å samle FDV-oppgåvene i ei felles avdeling.

Konklusjon og anbefaling

Vi vurderer det slik at kommunen ikkje har ferdig utarbeidd planar for vedlikehold der tilstandsvurdering er lagt til grunn.

Kommunen bør vurdere grunngjevinga for, og om det er formålstenleg, at einstilte bygg fortsatt vert halde utanfor FDV-avdelinga sitt ansvarsområde.

¹¹ KS-sak 082/11 «Kommunale bygg».

6.3 Prioriterte brukarbehov bør tilfredsstillast

Data

FDV-avdelinga har sett seg som mål at utforminga av nye og eksisterande bygg skal tilfredsstillast krava til universell utforming i samsvar med diskrimineringslova.

Eigedomsavdelinga identifiserer hovudsakleg vedlikehaldsbehovet på dei kommunale bygningane på følgjande måtar:

- Brukarane av bygningane rapporterer om behov
- Vaktmeistrane registrerer behov
- Behov blir påpeika i samband med vernerundar
- Manglar og avvik blir påpeika i samband med eksterne tilsyn (arbeidstilsyn, eltilsyn o.l.)

Søknadar om tiltak basert på identifiserte behov frå vernerundane skal behandlast av arbeidsmiljøutvalet (AMU).

Vurdering

Brukartilfredsheit er eit viktig kriterium på god eigedomsforvaltning, og oppfyljing av brukarbehov bør derfor vere eit sentralt mål å arbeide mot.

Vi vurderer det slik at kommunen sine system for registrering og prioritering av brukarane sine behov er tilfredsstillande.

Konklusjon og anbefaling

Vi finn at kartlegging av prioriterte brukarbehov er tilfredsstillande.


Vi har ingen spesielle anbefalingar.

6.4 Det bør vere klar ansvars- og rolledeling

Data

I Hornindal kommune er FDV-avdelinga organisert innanfor kommunens sentrale administrasjon

(sektormodellen). Avdelinga har det administrative og faglege ansvaret for eigedomane i kommunen. Vaktmeistar- og reinhaldstenesta er organisatorisk knytt til eigedomsavdelinga i kommunen. Vaktmeistrane arbeider delvis i team og delvis åleine mot ei tildelt bygningsportefølje. Kommunen disponerer 5 vaktmeistrar inklusiv driftskoordinator Honndalshallen og 7 reinhaldarar. Ansvarstilhøva mellom brukar og FDV-avdelinga er dokumentert gjennom brukaravtaler. Kommunen si organisering av eigedomsforvaltninga følgjer rollemodellen *eigar*, *forvaltar* og *brukar* når det gjeld definisjon av funksjons- og ansvarsområde.



Figur 2: Roller og nivå i eigedomsforvaltninga¹²

¹² NOU 2004:22, side 30.

Eigarrolla

Økonomisk og rettsleg ansvar for kommunal bygningsmasse ligg til kommunestyret så lenge eigedomsretten ikkje er overdradd til kommunalt selskap som er eigen juridisk person.

Til eigarskapsrolla ligg også oppdragsgjevar-ansvaret overfor forvaltar og ansvar overfor brukarane av bygga.

Forvaltarrolla

FDV-avdelinga har ansvaret for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Dette skjer på vegne av kommunestyret som eigar.

Brukarrolla

Denne rolla har dei som nyttar dei kommunale bygningane som fysisk ramme for si tenesteyting.

Det er likevel ikkje tette skott mellom dei forskjellige rollene. Kombinasjon av roller oppstår fordi både den politiske eigaren og administrasjonen med sitt forvaltaransvar har ansvar for tenesteproduksjonen.

Vedlikehaldsprosessen er såleis funksjons- og nivådelt i forhold til roller og ansvar. Det *strategiske nivået* vedtek mål og ambisjonar for bygningsvedlikehaldet og dei økonomiske rammene for å nå måla. På det *taktiske nivået* blir vedlikehaldet sett inn i ei overordna økonomistyring (økonomiplanen), og det er i denne planleggingsfasen dei administrative føringar for prioritering av vedlikehaldet skjer.

På det *operative nivået* blir nødvendig styringsinformasjon samla inn som grunnlag for utvikling og justering av vedlikehaldsplanane sett i høve til det faktiske behovet.

Planlegging av vedlikehald skjer i samsvar med den omtalte rollemodellen og innanfor kommunen sitt administrative plansystem.

Vurdering

Dagens organisering av eigedomsdrifta som ein integrert del av kommunen som rettssubjekt, gir eit sterkare grunnlag for direkte politisk styring enn ei organisering etter selskapsrettslege styringsprinsipp¹³

Alternativ organisering av eigedomsforvaltning kan om ønskjeleg inngå som tema i ein kommunes strategiske planlegging. Døme på alternativ organisering kan vere:

- Interkommunalt samarbeid
- Intern husleigeordning
- Eigarskap eller leige av bygningar

Praktiseringa av rolle- og ansvarstilhøva skjer etter vår vurdering på ein god måte

Konklusjon og anbefaling

Rolle- og ansvarstilhøva er definert og regulert gjennom brukaravtaler (avtaler som regulerer ansvarstilhøva mellom FDV-avdelinga og brukarane av dei kommunale eigedomane).

Vi har ingen spesielle anbefalinger.

¹³ «Om organisering av kommunal og fylkeskommunal virksomhet», NOU 1995:17, side 108.

7 På kva måte rapporterer administrasjonen om utviklinga i vedlikeholdet av kommunale bygningar til politisk nivå?

Informasjon om bygningsmassens tilstand, behov for vedlikehold og måloppnåing må kommuniserast til kommunestyret for at dette organet kan utøve sitt eigaransvar. KS har laga ein eigen rettleiar til rådmenn og folkevalde¹⁴, der behovet for kommunikasjon blir omtalt på følgjande måte:

«Det som kjennetegner kommunene som får til et godt vedlikehold er god kommunikasjon mellom kommunestyret som folkevalgt eier, formannskapet som operativ eier og eiendomsforvalteren. Det vil si at eiendomsforvalteren får anledning til å rapportere om tilstand, utfordringer og muligheter knyttet til eiendommene. De folkevalgte må på sin side stille krav til god forvaltning og rapportering som gir oversikt og grunnlag for politisk diskusjon og prioritering.»

Det første skrittet i utviklingen av en god eiendomsforvaltning bør uansett være å etablere et godt folkevalgt eierskap gjennom god rapportering og kommunikasjon mellom eiendomsforvalteren og de folkevalgte.»

«Kommunestyret må gi forvalter i oppgave å rapportere i hvilken grad bygningene og de offentlige kravene er tilfredsstillt. Rapporteringen må også inneholde forslag til tiltak.»¹⁵

7.1 Det bør rapporterast jamleg til kommunestyret om tilstand og vedlikehold av kommunale bygningar

Data

Informasjonskjelder

a) Rekneskap

I kommunane blir vedlikehold bokført etter anordningsprinsippet, dvs. når kjøpet er kjent/fakturadato. Dersom vedlikehold ikkje blir gjennomført, vil ikkje dette kome fram i rekneskapen. Rekneskapen åleine er såleis ikkje tilstrekkeleg til å vurdere kommunens vedlikehaldsaktivitet.

b) KOSTRA

Prioriteringsindikatorar i KOSTRA kan mellom anna seie noko om kor store ressursar som vert stilt til rådvelde. Jf. døme på dette på neste side (vedlikehaldsutgifter per kvadratmeter for dei einskilde formålsbygga og totalt).

Informasjon til eigarorgan

Kommunestyret er juridisk eigar av dei kommunale bygningane. Som eigar har kommunestyret mellom anna ansvar for å utforme og vedta mål og rammer for kommunens systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (HMT) knytt til bygningsmassen. Rådmannens ansvar består i å utføre ettersyn og vedlikehold i samsvar med utarbeidde rutinar og budsjett.

Informasjonskanal

Hornindal kommune rapporterer om FDV-avdelinga sitt arbeid gjennom årsmeldinga. I årsmeldinga for 2012 heiter det mellom anna:

«Trongen for vedlikehold er stort i enkelte bygg» og «...vedlikehold bør vere ei prioritert oppgåve i tida framover».

Einskildsaker med økonomiske konsekvensar utover vedteken ramme vert handsama av politisk organ med naudsynt vedtakskompetanse etter kvart som dei oppstår.

¹⁴ KS 2009 Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn, side 4 og 11.

¹⁵ Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold - En veileder for folkevalgte og rådmenn, side 7 (KS, 2009)

Vurdering

Det er viktig at kommunestyret som formell eigar av dei kommunale bygningane får tilstrekkeleg og relevant informasjon som grunnlag for sine vedtak. Utan tilstrekkeleg rapportering mister kommunestyret nødvendig innsikt til å gjere vedtak for å rette opp avvik i forhold til verdibevaring og lovpålagte krav til tryggleik .

Konklusjon og anbefaling

Administrasjonen rapporterer om status og utfordringar i bygningsvedlikehaldet i samband med årsbudsjettet og i årsmeldinga.

Vi har ingen spesielle anbefalinger.

8 Er dei økonomiske rammeføresetnadane tilpassa det langsiktige behovet for bygningsvedlikehaldet?

Budsjetterte vedlikehaldsutgifter må over tid vere tilstrekkeleg til å oppretthalde bygningsmassen sin verdi. Dette går fram av NOU 2004:22. *Riktige økonomiske rammebetingelser tilpasset eiendomsforvaltningens langsiktige karakter*.

8.1 Kommunens ressursbruk til bygningsvedlikehald bør over tid tilfredsstillende normalt for verdibevarande vedlikehald

Data

I følge kommunens innrapporterte data til KOSTRA eig Hornindal ein bygningsmasse på om lag 10 000 m², og denne har ein forsikringsverdi på nær ¼ milliard kroner.

«Føremålsbygg» er gjerne kjenneteikna ved at det er vanskeleg å skaffe alternative lokale som passar for det formålet bygningen er spesielt konstruert for. Å skaffe eit alternativt lokale vil derfor anten måtte skje gjennom eit nytt bygg eller ei svært omfattande ombygging av annan bygningsmasse. Kommunens føremålsbygg er derfor heller ikkje lett omsettelege.

På bakgrunn av innhenta datagrunnlag blir vedlikehaldsbehovet prioritert av FDV-avdelinga og kostnadsbehovet blir stipulert. Dette blir så dokumentert i ein tiltaksrapport som inngår som eit innspel til budsjetthandsaminga i kommunen.


Tabellen under viser årlege utgifter til vedlikehald per m² kommunale føremålsbygg i Hornindal kommune (i løpande prisar):

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Gj.snitt
Barneskule	26	102	64	15	31	3	40
Barnehage	55	17	42	73	44	71	50
Idrettsbygg	-	-	-	-	11	13	12
Kulturbygg	9	9	12	11	15	24	13
Institusjonsbygg	12	128	41	35	13	38	44
Administrasjonslokale	12	23	24	63	34	14	28
Alle føremålsbygg	19	85	44	35	20	19	37

Figur 5: Utgifter til vedlikehald per kvadratmeter kommunale føremålsbygg.¹⁶

¹⁶ Tal i tabellen er henta frå KOSTRAs tabell 4.1 Konsern – Eiendomsforvaltning for utvalgte kommunale formålsbygg.

Tabellen over og figuren på denne sida viser korleis dei årlege vedlikehaldsutgiftene fordeler seg på



føremålsbygga for perioden 2008 til 2013. Hornindal kommune hadde ein topp i vedlikehaldsutgiftene i 2009. Denne markante auken frå 2008 skuldast at regjeringa ga eit tilskot til kommunesektoren på 4 mrd. kroner til ekstra ordinært vedlikehald i samband med finanskrisa. Hornindal fekk tildelt 809 000 kroner av

Figur 6: Utgifter til kommunens vedlikehaldsaktivitetar per kvadratmeter (kjelde: KOSTRA)

denne tilskotspakken. Over ½ million kroner av tilskotsmidlane vart nytta til bygningsvedlikehald¹⁷. Dei markante svingingane i vedlikehaldsbudsjettet indikerer at dei økonomiske rammene som vert stilt til rådvelde for vedlikehald over tid er lite føreseielege.

I Holte Byggsafe FDV-nøkkel for 2013 er følgjande normtal for planlagt vedlikehald oppgitt for eit utval byggkategoriar:

	Planlagt vedlikehald		
	Låg	Middels	Høg
Barneskule	84,77	125,04	196,00
Barnehage	67,66	96,02	151,55
Kulturhus	54,31	79,62	128,34
Sjukeheim	63,66	89,54	141,69
Rådhus	77,92	107,57	165,03

Figur 7: Tabell basert på tal frå Holte Byggsafe FDV-nøkkelen 2013 (tal oppgitt i kr/kvm).

Det er utvikla fleire normtal for verdibevarande vedlikehald. Felles for desse er at dei byggjer på ei rekke føresetnader. Kommunens avvik frå normtal kan skuldast både reell underfinansiering og forskjellar i ein eller fleire variablar som ligg til grunn for normtalet. Slike variablar kan til dømes vere aldersprofilen til dei kommunale bygga, samla bygningsareal og arealfordeling mellom bygningstype eller bygningane sin kompleksitet.

I rapport fra **Elcon og Multiconsult (2001) "Vedlikehold av kommunale bygninger"**, er kr 100 pr. kvadratmeter pr. år oppgitt som et normtall for godt vedlikehold av bygningsmassen.

I rapport fra **FOBE (forum for offentlige bygg og eiendommer) mars 2006**, er det skrive at normtall for vedlikehald bør ligge i området kr 90–115 pr. kvadratmeter (2004 prisnivå u/mva). Slik ressursbruk burde kunne gi tilfredsstillande vedlikehald ut frå opphavleg standard dersom dette ressursnivået er disponibelt over tid..

I rapport fra **Multiconsult og PriceWaterhouseCoopers (september 2008) "Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde"**, går det fram at:

¹⁷ KS-sak 021/09.

«estimert nødvendig vedlikeholdskostnad er ca. 170 kr/m² i gjennomsnitt. Beregningene er basert på 60 års levetid på bygg og 6 % kalkulasjonsrente. En levetid/betrakningstid på 30 år vil avkorte behovet for vedlikehold til ca. 100 kr/m² pr år i gjennomsnitt.»

Ifølge Multiconsult «kan disse normtallene bare benyttes i kommuner med en bygningsportefølje bestående av minimum 40 – 50 bygninger».

Hornindal kommune nytter tilstandsbasert budsjettering for bygningsvedlikehald. Behandlinga av vedlikehaldsutgifta i driftsbudsjettet er basert på kartlagde tiltaksbehov, og ikkje på estimerte normtal.

Budsjettløyvingar til vedlikehald kan til dømes skje i høve til

- forventa årlege utgifter, og
- like store årlege kostnader inkl. avsetning til/bruk av øyremerkte avsetningar

Den realkapital som kommunal bygningsmasse representerer kan sjåast på som ein innsatsfaktor i tenesteytinga på linje med arbeidskraft. Kapitalkostnaden vil vere å stille bygningane til disposisjon for den aktuelle kommunale tenesta.

Dei driftsmessige følgjeverknadane av ei investering vil vere å sjå på som ein del av vedtaksgrunnlaget for kommunestyret når forslag til løyving blir behandla. Den samla årskostnad som driftskonsekvensane representerer blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan, men er berre bindande for det vedtekne årsbudsjettet.

Vurdering

Det ligg ikkje føre estimat over storleiken på eit eventuelt teknisk oppgraderingsbehov av den kommunale bygningsmassen (vedlikehaldsetterslep). Innanfor vår analysehorisont har det kommunale vedlikehaldsbudsjettet per rutemeter lege vesentleg lågare enn normtal for god bygningsforvaltning, noko som kan tyde på at vedlikehaldet av dei kommunale bygningane ikkje har fått nødvendige løyvingar. Utsetjing av vedlikehald gir kommunen auka økonomisk handlefridom på kort sikt, og representerer såleis eit insentiv til å nedprioritere dette arbeidet i årsbudsjettet.

«Vedlikeholdet koster det samme enten det finansieres over driftsbudsjettet eller investeringsbudsjettet. Lite vedlikehold over driftsbudsjettet fører ut fra dette til et etterslep som må tas igjen gjennom mye vedlikehold over investeringsbudsjettet. Hva som er økonomisk mest gunstig kan være vanskelig å si. Skillet mellom driftsbudsjett/regnskap og investeringsbudsjett/regnskap i kommunene gir et uoversiktlig kostnadsbilde for kommunene som forvaltere og eiere».¹⁸

Sjølv om rehabilitering blir løyvd over kommunens investeringsbudsjett, inneheld slike prosjekt likevel eit element av vedlikehald. Det er både problematisk og upraktisk å skilje mellom drifts- og investeringsutgifter knytt til rehabiliteringsprosjekt. Det er likevel viktig å vere merksam på at eventuelt forsømt vedlikehald (for lite midlar til vedlikehald over driftsbudsjettet) kan bli teke igjen i form av rehabilitering løyvd i investeringsbudsjettet.

Konklusjon og anbefalingar

I den seksårsperioden vi har sett på, har kommunens løyvingar til bygningsvedlikehald vore svært låge i høve til anbefalte normtal.

For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit øyremerka vedlikehaldsfond.

¹⁸ «Kartlegging av kommunenes utgifter til vedlikehold av sine bygninger, FOBE, mars 2006.

9 Høyringsuttale frå administrasjonssjefen



HORNINDAL KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

[Kommunerevisjonene i Nordfjord v/Gunnar Ryste

Vår ref.
14/225-6/614 / /AKLA

Dykkar ref.

Dato:
17.06.2014

HØYRING SUTTAL E - REVISJONS RAPPORTEN SYSTEM FOR VEDLIKEHALD AV BYGNINGAR I HORNINDAL KOMMUNE

Syner til motteken rapport forvaltningsrevisjon med tema: «System for vedlikehald av bygningar i Hornindal kommune».

Rådmann takkar for rapporten og får at det vert gjeve høve til å kome med ein høyringsuttale til rapporten. I det vidare vil ein gjere greie for Hornindal kommune ved rådmann sitt syn på rapporten.

Generelt:

Rapporten gjev eit godt bilete av situasjonen knytt til vedlikehald av kommunale bygg i Hornindal. Vidare er det etter Hornindal kommune sitt syn lagt til grunn gode revisjonskriterie i rapporten. Rapporten gjev kommunen eit godt grunnlag for å jobbe meir målretta og strategisk med vedlikehald av bygningane.

I rapporten framkjem det feile opplysningar om årsverk knytt til FDV. Ein stad står det at ein har fem vaktmeistrar og seks reinhaldarar i ulik stillingsprosent, ein annan stad kjem det fram at ein har 7 vaktmeistrar (6,5 årsverk) og 21 reinhaldarar (13,6 årsverk). Rett tal er 5 vaktmeistrar, inklusiv driftskoordinator Honndalshallen og 7 reinhaldarar.

Anbefalingane:

I rapporten kjem det fram 6 anbefalingar:

- Det bør definerast og vedtakast eit målbart ambisjonsnivå for vedlikehald av dei kommunale bygningane. Tilstandsgrad kan til dømes vurderast brukt som ein målvariabel.
- Nivået på den årlege vedlikehaldskostnaden bør fastsetjast ut frå ei vurdering av kva ambisjonsnivå som er akseptabelt for kommunen når det gjeld tilstanden på bygningane.
- Kommunen bør vurdere å utarbeide politisk forankra mål og strategi for realkapitalforvaltning.
- Kommunen bør vurdere om den kan ha nytte av eit databasert FDV-system.
- Kommunen bør vurdere grunngevinga for, og om det er formålstenleg, at einskilde bygg fortsatt vert halde utanfor FDV-avdelinga sitt ansvarsområde.
- For å dempe svingingar i det årlege utgiftsbehovet, kan kommunen vurdere å innføre eit øyremerka vedlikehaldsfond.

Rådmannen er i all hovudsak samd i dei anbefalingane som vert gjevne, men finn det rett å peike på det samla ansvaret kommunen har for både drift og vedlikehald. I dette skjeringspunktet må ein, med stadig meir avgrensa midlar til rådvelde, gjere tøffe prioriteringar. Ein ser då at vedlikehald ofte vert nedprioritert til fordel for lovfesta rettar til tenester.

Rådmannen deler revisjonen si oppfatning av at kommunen ville ha vore tent med å utarbeide mål og strategi for forvaltning og vedlikehald av kommunale bygg. Denne rapporten er eit godt grunnlag for å kunne arbeide vidare med dette. Ein må sjå dette arbeidet opp mot den

Postadresse	Telefon	Bankgiro	Org. nr.	E-post
Postboks 24 6761 Hornindal	57 87 98 00	3820.07.00144	835 095 762	post@hornindal.kommune.no

vedlikehaldsplanen som er under utarbeiding. Vidare vil ein gjennom arbeidet med evaluering av FDV-avdelinga få meir kunnskap om kva som fungerer godt og kva som må/bør endrast. Dette vil også vere eit viktig grunnlagsmateriale inn i arbeidet med å utarbeide mål og strategi for vedlikehaldsarbeidet.

Når det gjeld dei årlege vedlikehaldskostnadane, så er desse lågare enn det dei burde vere. Dette heng saman med den totale økonomiske situasjonen i kommunen. Likevel skal det frå rådmannen si side framhevast at vaktmeistrane gjer mykje viktig og godt vedlikehaldsarbeid innanfor låge rammer. Vi har tilsette som har «eigarforhold» til bygningane, som er raske med å utbetre, som finn gode løysingar, som har høg kompetanse og som kjenner bygningane svært godt. Dette kompensera noko for dei lave løyvingane, men er personavhengig og sårbart.

Det vert anbefalt at kommunen vurderar nytten av eit databasert FDV-system. I rapporten kjem det vidare fram at avdelinga har gode nok system for identifisering av vedlikehaldsbehovet. Det synast som om kommunen per i dag har tilfredsstillande oversikt og kunnskap om bygga. Det betyr ikkje at ein avviser nytten av eit slikt system, men vil gjere vurderingar framover knytt til dette.

Kommunen ynskjer å halde fast på at enkelte bygg framleis vert haldne utanfor FDV-avdelinga. Dette gjeld bygningar som høyrer til under VAR-sektoren. Ein har gode erfaringar med at dei tilsette i denne sektoren har ansvar for ettersyn og vedlikehald av bygningane samstundes som dei har ettersyn av dei tekniske anlegga som er inne i bygga. Vidare heng dette saman med at ein ynskjer å ha alle utgifter knytt til VAR-sektoren på eige budsjett.

Rådmann deler revisjonen sitt syn på at det optimale hadde vore å innføre eit øymerka vedlikehaldsfond, men om dette let seg realisere heng saman med den totale økonomiske situasjonen i Hornindal kommune.

Rådmannen ynskjer å takke kommunerevisjonen for ein gjennomarbeidd, grundig og konstruktiv rapport. Det skal også seiast at rådmann er kjent med ansvaret for vedlikehald av kommunale bygg, slik det kjem fram både i Magnus Lagabøters landslov som er referert og i seinare lovverk.

Med helsing

Ann Kristin Langeland
Rådmann

10 Kommunerevisjonens kommentar til høyringsuttalen

Kommunerevisjonen takkar for rådmannen sin uttale til rapporten.

Rådmannen peiker på at rapporten opererer med feil tal på vaktmeistrar og reinhaldarar i kommunen. Det viser seg at vi har kome i skade for å nytte ein annan medlemskommune sine tal. Dette er no retta. Vi gjer merksam på at denne feilen ikkje har innverknad på vurderingane eller konklusjonane i rapporten.

Ut over dette har vi ingen kommentarar til rådmannen sin uttale.

Referansar

NOU (2004:22): *Vedlikeholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren.* Kommunaldepartementet, Oslo.

Multiconsult og PriceWaterhouseCoopers (2008): «*Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde*».

KS (2009): «*Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold. En veileder for folkevalgte og rådmenn.*»

Statens bygningstekniske etats program for bedre eiendomsforvaltning (KoBE): «*God kommunal eiendomsforvaltning. Fordypning for folkevalgte*»

Kommunal Rapport nr. 19/2010: «*Hvordan synliggjøre vedlikeholdsetterslep i kommunale regnskaper?*» Øyvind Sunde.

KoBE, «*Rapport om eierskap og organisering av eiendomsforvaltning i kommunesektoren*».

Bjørberg, Svei og Anders Larsen, Håkon Øiseth (2007): «*Livssyklus kostnader for bygninger. Innføring og prinsipper*». RIF, NBEF, Multiconsult AS, Oslo.

Statens bygningstekniske etat, Rambøll (2011): «*Spørreundersøkelse. Det politiske eierskap til eiendomsforvaltningen*».

Holte Byggsafe FDV-nøkkelen 2013

Vedlegg

Vedlegg 1

Vår omtale av kommunal eiendomsforvaltning generelt og kommunens praksis innan dette fagfeltet bygger på innhenta informasjon der følgjande kjeldetilfang er brukt:

Interne dokument/informasjon

- Organisering av FDV-avdelinga i Hornindal kommune
- Oversikter over kommunalt eigde eigedomar
- Forsikringsoversikt
- Kommunestyresaker
- Kommuneplan, økonomiplan, rekneskaps- og årsrapportar

Eksterne dokument/informasjon

- NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir mer til alle. Om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren»
- KS 2009: «Bedre eiendomsforvaltning og vedlikehold, en veileder for folkevalgte og rådmenn»
- Multiconsult & PwC 2008: «Vedlikehold i kommunesektoren. Fra forfall til forbilde»
- KOSTRA-data

Lover og reglar som kommunen må følgje i si forvaltning av eigedomar og føremålsbygg:

Lov/forskrift	Tema
Internkontrollforskrifta	Eigar skal sjølv kontrollere og dokumentere at lover og reglar blir følgd i verksemda.
Opplæringslova	Fysisk og psykisk arbeidsmiljø for barn og ungdom i skulen. Kapittel 9a i opplæringslova.
Helse- og omsorgstenestelova	Fysisk og psykisk miljø for alle brukarar av bygg.
Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular	Krav til inneklima, støyforhold, hygiene, lystilhøve og luftkvalitet i barnehagar og skular
Forskrift om miljøretta helsevern	Krav til førebygging av legionellasmitte. Kapittel 3a.
Arbeidsmiljølova	Krav til fysisk arbeidsmiljø for alle tilsette i kommunal verksemd.
Byggherreforskrifta	Krav til helse, miljø og sikkerheit for alle leverandørar som kommunen engasjerer.
Forureiningslova	Helsefarlege stoff – asbest, PCB, kjemikaliar m.m.
El-tilsynslova	Brann- og el-sikkerheit.
Brann- og eksplosjonsvernlova	Sikkerheit mot brann og trygge rømmingsvegar.
Plan- og bygningslova Teknisk forskrift	Bygningsteknikk (for det meste i samband med nybygg, ombygging og rehabilitering).
Kommunelova	Rekneskap, forvaltning og rapportering
Forskrift om årsbudsjett Forskrift om årsregnskap og årsberetning	Formuesbevaring: Vedlikehald skal budsjetterast over <i>driftsbudsjettet</i> , oppgradering over <i>investeringsbudsjettet</i> .

Nokre omgrep:

I 2008 laga Multiconsult og PricewaterhouseCoopers (PwC) rapporten "Vedlikehold i kommunesektoren – fra forfall til forbilde" på oppdrag frå KS. I denne rapporten blir «**vedlikehold**» definert som

«tiltak og oppgaver som er nødvendig for å opprettholde fastsatt kvalitetsnivå (standard) for bygningen med tekniske installasjoner. Dette kan være både planlagt vedlikehold og utskiftinger.»

«**Drift**» er definert som

«daglig, ukentlig og månedlig drift og ettersyn gjennom året, det vil si oppgaver og rutiner som er nødvendig for at bygget med tekniske installasjoner skal fungere funksjonelt.»

I NOU 2004:22 «Velholdte bygninger gir mer til alle – om eiendomsforvaltningen i kommunesektoren» blir «**planmessig vedlikehold**» definert som

«tiltak som tar sikte på å opprettholde kvaliteten eller forsinke forringelsen av de tekniske egenskapene som er nødvendig for at bygningsdelene skal kunne funksjonere som forutsatt. (...) Vedlikeholdet sikter altså mot å forlenge den tekniske levetiden til bygningen og bevare estetiske kvaliteter som ellers ville blitt forringet» (kapittel 3.1.4).

Om «**rehabilitering**» heiter det følgjande i undersøkinga «Kartlegging av kommunenes utgifter til vedlikehold av sine bygninger», FOBE (mars 2006):

«Ved rehabilitering blir ofte bygningene bygget om og oppgradert i forhold til nye brukerbehov og i forhold til offentlige krav. I denne sammenheng tar man også igjen for forsømt vedlikehold. All utskifting av bygningskomponenter som vinduer, dører, vegger, tak, gulv, ventilasjon, elektriske anlegg m.m. tilsvarende den opprinnelig standard, er i følge definisjonene i Norsk Standard og i regnskapsforskriftene å betrakte som vedlikehold.»

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saknr 023/14
--	-------------------------------	------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1444	Arkivsaknr.: 14/139
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 4 - 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10	25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – System for vedlikehald av kommunale bygningar i Hornindal kommune – Prosjektplan.	28.05.13 03.09.13	015/13: Vedtak om tinging 021/14: Vedtak KU: Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «System for vedlikehald av kommunale bygningar i Hornindal kommune» vert godkjent, med endring i leveringstidspunkt som vil vere februar 2014. 19.05.2014 tlf. til KIN, vert levert til høyring i mai.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Hornindal	10.02.14	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Hornindal for 2014 vert godkjent. SEKOM-sekretariatet sender ut møteplan til dei faste medlemne, og ber dei merke seg møtedatoane: 7. april, 26. mai og 30. september.
12/14 Eventuelt	7.4.14	Vedtak: Kontrollutvalet er interessert i felles opplæring saman med Stryn i løpet av 2014 E-post 15.7.14: I samsvar med drøfting og vedtak i kontrollutvalet har vi vore i kontakt med Knut Henning Grepstad, sekretariatsleiar hos

		<p>Fylkeskommunen, om å ha eit samla foredrag for kontrollutvala i Stryn og Hornindal 19. september. Vi har ikkje fått noko endeleg stadfesting frå Knut Henning Grepstad, men ber likevel om at du merkar deg datoen, og set av 19. september.</p> <p>19.9.14: Felles kurs vart avvikla i Stryn med Knut Henning Grepstad som kurshaldar.</p>
15/14 Årsrekneskapen 2013 – Hornindal kommune	26.5.14	<p>Uttale til kommunestyret: Kontrollutvalet viser til uttale om årsrekneskapen 2013 for Hornindal kommune datert 26.05.2014, der rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre. 27.05.2014 sendt Hornindal kommune med uttale frå kontrollutvalet.</p> <p>12.6.14: Godkjent av kommunestyret.</p>
18/14 Sluttrekneskapen 2013 – Diverse prosjekt Hornindal kommune	26.5.14	<p>Uttale til kommunestyret: Under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen for prosjektnr 1022, 1023, 1024 og 2028 vert godkjent slik han ligg føre.</p> <p><i>*Etter opplysning frå Hornindal kommune, skal desse ikkje handsamast av kommunestyret.</i></p>

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saksnr 024/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/163
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Hornindal kontrollutval

Tillegg til saklista

Møteinnkalling

Møtedato: 07.10.2014
Møtestad: Hornindal kommunehus, kommunestyresalen
Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, forvaltningsrevisor i sak 21 og 22.

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: ah@sekom.no
Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste – tillegg

(Sakene 19 – 24 er sendt ut tidlegare)

Sak nr.	Saktittel
025/14	Budsjett for drift av kontrollutval
026/14	Avslutning av diverse prosjektrekneskap - 2014

Med helsing

Ola Are Ytrehorn
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saksnr 025/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-150, Komnr-1444	Arkivsaknr.: 14/248
---	-------------------------------------	-------------------------------

Budsjett for drift av kontrollutval

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret / Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutval 2015:

Post	Tekst	B2014 (KU)	B2015
10800	Godtgjersle folkevalde	20 000	20 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	2 000	2 000
11500	Opplæring/kurs/seminar	-	4 000
11600	Skyss og diettgodtgjersle	2 000	2 000
11959	Kontingentar	2 000	2 000
	Sum	26 000	30 000

2. Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

...

Saksutgreiing:

Tilråding frå kontrollutvalet om budsjett 2014:

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 2.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr. 20.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr. 2.000,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr. 0,-
11959: Kontingentar	Kr. 2.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 26.000,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

Hornindal har same reglement for godtgjersle som i fjor. Dette er vedteke i 2009 og var gjeldande får 1.1.2010. Godtgjersla knyter seg til ein del av ordførargodtgjersla som igjen er knytt til grunnbeløpet i Folketrygda (G). Sekretariatet reknar såleis med at det ikkje er særskilde grunnar til vesentleg endring av budsjett for drift av kontrollutval.

Frå saksutgreiing om budsjett 2014:

For kontrollutvalet i Homindal er satsar for godtgjersle vedteke i kommunestyrevedtak den 27.08.2009.

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 100,- pr. time, maksimum 1200,- pr. dag, inkludert feriepengar. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 1200,-. Vilkår for utbetaling av tapt arbeidsforteneste er legitimasjon (trekk i løn).
- Møtegodtgjersle i 2013 var for leiar i kontrollutvalet kr. 576,- og for medlemmer i kontrollutvalet kr 269,-. Møtegodtgjersla er knytt opp mot ordførar si godtgjersle, jfr reglementet.

Frå 01.01.13 vart det vedteke å redusere ordførarstillinga til 60 %, og møtegodtgjersle blir dermed redusert tilsvarande. Ordførarløn gjeldande frå 01.01.2013 er kr 384.114,-

Ordførargodtgjersla pr 1.5.2014 er kr 398.195,-.

SEKOM-sekretariat tilrår same budsjett som for 2014 med ei endring som gjeld ein post på kr 4.000 under «Opplæring/kurs/seminar». Tilrådinga er såleis eit samla budsjett på kr 30.000. For 2014, var dette på kr 26.000, medan det var på kr 35.000 i 2013.

Budsjett for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedteke av styra for selskapa og er difor ikkje ein del av denne saka.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Hornindal kontrollutval	Møtedato 07.10.2014	Saksnr 026/14
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-212, Komnr-1444	Arkivsaknr.: 14/249
---	-------------------------------------	-------------------------------

Avslutning av diverse prosjektrekneskap - 2014

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
02.10.2014	Hornindal - Avslutning av diverse prosjektrekneskap - 2014	594
02.10.2014	Hornindal Rutinar for prosjektleiing og prosjektrekneskap	597

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak. Går som kopi til formannskap og kommunestyre)

Kontrollutvalet viser til utval for plan og utvikling si sak 43/14 og har ikkje merknadar til dei framlagde prosjektrekneskapa for:

4190	Ny brannbil (Kvivsvegen)
4205	Tilbygg barnehagen
4217	Legging av fast dekke
4225	Veg og VA anlegg sentrum aust
4234	Traktor til uteseksjonen
4239	Politikarportal
4240	Help Desk
4247	Reservevassforsyning Grodås vassverk
4255	Ombygging rom Hornindal skule
4259	Utbetring kommunal veg Grothaug
4264	Kjøp av leilegheit på Ospesletta

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til sak 43/14 i utval for utvikling den 28.5.14. Rekneskapsrevisor deltek på kontrollutvalsmøtet og kan gi ytterlegare orientering om kontrollhandlingar med meir. Rådmann og/eller økonomisjef vert også med på møtet.

Klipp frå Hornindal sine rutinar for prosjektleiing og prosjektrekneskap:

13. Økonomisjefen og prosjektleiar lagar til sak for utviklingsutvalet, og tilrår restfinansiering dersom ikkje opprinneleg finansiering held.
14. Endeleg rekneskap vert sendt til utviklingsutvalet for merknader. Vedtak (merknader) vert sendt kontrollutvalet. Revisor førebur saka for kontrollutvalet. Kontrollutvalet tilrår godkjenning av rekneskapen og finansieringa, evt. peikar på manglande finansiering.

15. Formannskapet får saka.
Dersom finansieringa er OK: berre meldingsak
Dersom finansieringa ikkje er OK: Tilråding til kommunestyret om finansieringa - dekning av overskriding.

(Hornindal kommune opplyser at dei er i gang med revisjon av rutinane).

Ingen av dei framlagde rekneskapa har overskriding samanlikna med budsjettet. Dersom kontrollutvalet ikkje har merknadar til prosjekta, vil dei såleis gå som meldingsak til formannskap/kommunestyre.

Prosjekt	Navn	Budsjett	Rekneskap	Innsparing/ Merknadar overskriding
4190	Ny brannbil (Kvivsvegen)	4 120 000,00	3 953 933,57	-166 066,43 Reell innsparing 178 000
4205	Tilbygg barnehagen	4 267 000,00	4 265 672,00	-1 328,00 Reell innsparing 800
4217	Legging av fast dekke	562 000,00	560 784,82	-1 215,18 Reell innsparing 1 100
4225	Veg og VA anlegg sentrum aust	551 000,00	550 491,33	-508,67 Reell innsparing 500
4234	Traktor til uteseksjonen	753 000,00	753 000,00	0,00
4239	Politikarportal	330 000,00	329 655,75	-344,25 Reell innsparing 0
4240	Help Desk	380 000,00	380 000,00	0,00
4247	Reservevassforsyning Grodås vassverk	500 000,00	333 205,48	-166 794,52
4255	Ombygging rom Hornindal skule	250 000,00	221 503,20	-28 496,80 Reell innsparing 23 000
4259	Utbetring kommunal veg Grothaug	204 000,00	196 555,00	-7 445,00 Reell innsparing 6 000
4264	Kjøp av leilegheit på Ospesletta	1 735 000,00	1 733 503,49	-1 496,51 Reell innsparing 600
INNSPARING (OVERSKOT)		13 652 000,00	13 278 304,64	-373 695,36



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Utval for utvikling	28.05.2014	043/14	EJØ

Saksansvarleg: Eva Janikke Øen	Arkiv: 212 Objekt:	Arkivsaknr.: 14/320 - 1
--------------------------------	-----------------------	----------------------------

Avslutning diverse prosjektrekneskap - 2014

Sakstilfang / Lover / Plandokument

- Budsjett perioden 2010 – 2013
- Rekneskap perioden 2010 – 2014
- Rekneskap for kvart av prosjekta

Saka gjeld

Prosjektrekneskapen for avslutta prosjekt vert lagt fram for godkjenning. Revisjonen har gått gjennom rekneskapen for prosjekta. Samla forbruk er kr. 373.695,36 mindre enn budsjettet.

Bakgrunn

Drøfting

Opplisting av budsjett/ rekneskap for dei aktuelle prosjekta:

Prosjekt	Navn	Budsjett	Rekneskap	Innsparing/ overskriding	Merknader
4190	Ny brannbil (Kvivsvegen)	4 120 000,00	3 953 933,57	-166 066,43	Reell innsparing 178 000
4205	Tilbygg barnehagen	4 267 000,00	4 265 672,00	-1 328,00	Reell innsparing 800
4217	Legging av fast dekke	562 000,00	560 784,82	-1 215,18	Reell innsparing 1 100
4225	Veg og VA anlegg sentrum aust	551 000,00	550 491,33	-508,67	Reell innsparing 500
4234	Traktor til uteseksjonen	753 000,00	753 000,00	0,00	
4239	Politikarportal	330 000,00	329 655,75	-344,25	Reell innsparing 0
4240	Help Desk	380 000,00	380 000,00	0,00	
4247	Reservevassforsyning Grodås vassverk	500 000,00	333 205,48	-166 794,52	
4255	Ombygging rom Hornindal skule	250 000,00	221 503,20	-28 496,80	Reell innsparing 23 000
4259	Utbetring kommunal veg Grothaug	204 000,00	196 555,00	-7 445,00	Reell innsparing 6 000
4264	Kjøp av leilegheit på Ospesletta	1 735 000,00	1 733 503,49	-1 496,51	Reell innsparing 600
	INNSPARING (OVERSKOT)	13 652 000,00	13 278 304,64	-373 695,36	
	Unytta midlar bruk av lån			210 459,41	
	Unytta midlar bruk av fond			166 794,52	
	Meir momskompensasjon			-3 558,57	

Økonomiske konsekvensar

Dei opplista prosjekta vert lagt fram for godkjenning til kontrollutvalet.

Prosjekta er gjennomført i tråd med kommunestyret sine vedtak, og ligg samla sett innanfor godkjent budsjettramme.

Samla innsparing/ mindre forbruk på dei opplista prosjekta er kr. 373.695,36. Tilsvarande sum er unytta midlar (reduisert låneopptak, mindre forbruk av fond og meir momskompensasjon).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Utval for utvikling har ikkje merknader til dei framlagde prosjektrekneskapa.

28.05.2014 UTVAL FOR UTVIKLING

UFU-043/14 VEDTAK SAMRØYSTES:

1. Utval for utvikling har ikkje merknader til dei framlagde prosjektrekneskapa.

Kopi til:
SEKOM - sekretariat

6802 FØRDE

Hornindal 04.06.2014

Solfrid Otterdal Lien
- Sekretær -

ANSVARSDDELING OG FRAMGANGSMÅTE FOR PROSJEKTLEIING OG PROSJEKTRKESKAP.

1. Kommunestyret godkjenner budsjett for prosjektet.
Finansiering skal vedtakast - Tilskot, lån og fond.
Ansvarleg: Sakshandsamar (som oftast vert det utnemnd prosjektleiar på utviklingsetaten).
2. Økonomisjefen søker om lån og tilskot, dersom dette ikkje alt er gjort.
Økonomisjefen må merke seg kor tid tilskot kan fåast ut frå tilskotsgjevarar (td. 50% ved igangsetjing), og syte for å kreve inn tilskotet.
3. Prosjektleiar samordner innhenting av anbod, val av entreprenør/leverandør. Endeleg godkjenning av kostnader. Sjå i budsjettkommentarane om utviklingsutvalet eller administrasjonen har fått fullmakt til å godkjenne anbod, val av entreprenør, godkjenning av kostnader. Oppdeling i hovedartar.
4. Prosjektleiar utarbeider kontraktar med entreprenør/leverandør, og sørger for at garantiar vert stillt.
5. Prosjektleiar kjem med framlegg til detaljert budsjett for prosjektet inkl. kontooppdeling, i samarbeid med økonomisjef.
6. Prosjektbudsjett og -rekneskap vert lagt inn på dataen, med automatisk overvelt frå prosjektrekneskapen til meir "grovmaske" kontoplan i hovudrekneskapen. Kopi av kontoplan vert sendt rådmann og revisor.
7. Rådmannen tek skriftlig stilling til tilvisingsmynde, med kopi til økonomisjef og revisor.
8. Prosjektleiar attesterer rekningar på prosjektrekneskap.
9. Prosjektleiar rapporterer til kassa når prosjektet er kome så langt at tilskot (deltilskot) skal utbetalast.
10. Prosjektleiar har ansvar for å få inn alle rekningar innan rimeleg tid. Prosjektleiar skriv rapport om ferdigsynfaring og evt. restarbeid.
Når alle fakturaer er ført, skal prosjektleiar melde frå til kommunekassa om at rekneskapen kan avsluttast.
11. Økonomisjefen avsluttar rekneskapen i samråd med prosjektleiar.
Revisor reviderer den førebelse rekneskapen, som vert sendt for å få ut tilskot.
12. Prosjektleiar kjem med kommentarar til rekneskapen.
Økonomisjefen får attende rekneskapen, og syter for oppfinansiering - tilskot, lån og fond.
Prosjektleiar syter for at garantiar vert oppfølgd, at evt. gjenstående arbeid vert avslutta og evt. dagmulkt vert innkrevd.
13. Økonomisjefen og prosjektleiar lagar til sak for utviklingsutvalet, og tilrår restfinansiering dersom ikkje opprinneleg finansiering held.
14. Endeleg rekneskap vert sendt til utviklingsutvalet for merknader. Vedtak (merknader) vert sendt kontrollutvalet. Revisor førebur saka for kontrollutvalet.
Kontrollutvalet tilrår godkjenning av rekneskapen og finansieringa, evt. peikar på manglande finansiering.

HORNINDAL KOMMUNE: RUTINAR FOR PROSJEKTLIING OG PROSJEKTRKESKAP.

15. Formannskapet får saka.
Dersom finansieringa er OK: berre meldingsak
Dersom finansieringa ikkje er OK: Tilråding til kommunestyret om finansieringa - dekning av
overskriding.
16. Kommunestyret godkjenner rekneskap og finansiering.
17. Prosjektlear føl opp garantiar/garantiarbeid til garantiane går ut.(t.d. 3 år etter NS 3430).